

Kunnskapsdepartementet KD
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Svar på høyring om forslag til endringer i opptaksforskrifta

Vi viser til brev dagsett 14. august 2017, samt tillegg til høyring dagsett 2. oktober 2017, kor Kunnskapsdepartementet inviterer høyringsinstansane til å gi sine innspel til forslag om endringer i *forskrift om opptak til høgre utdanning*. UiT Noregs arktiske universitet (UiT) takkar for invitasjonen og vil i det følgjande gi sine innspel til departementet sine forslag.

UiT søkjar samstundes om fritak frå kravet om kvote for førstegangsvitnemål for bachelorgradsprogrammet i luftfartsfag, jf. forskrift om opptak til høgre utdanning § 7-2 femte ledd.

Kapittel 2. Generell studiekompetanse

§ 2-3. Opptak på grunnlag av fullført høgre utdanning

UiT støttar forslaget.

Kapittel 4. Spesielle opptakskrav

§ 4-4. Spesielle opptakskrav til arkitekturfag og teknologiske fag tredje punkt

Integrerte masterstudium i teknologiske fag med unntak av NTNU

UiT ynskjer prinsipielt ikkje at det firast på krav til bakgrunnskunnskapar i matematikk, men denne endringa vil ha små konsekvensar og sørgjer for at søkjarar med 2-årig fagskule ikkje blir diskvalifiserte. UiT har difor ingen innvendingar til foreslått endring i forskrifta.

Kapittel 5. Opptak på visse vilkår

§ 5-3. Opptak på visse vilkår for søkjarar frå land utanom Norden som må ha visum for å kunne takast opp til årskurs i norsk

UiT støttar ikkje dette endringsforslaget. For enkelte studiar, kor det ikkje er konkurranse om studieplassane, vil denne adgangen kunne bidra til økt rekruttering av studentar. UiT har

imidlertid erfart at det kan være stort fråfall blant studentar som takast opp til høgre utdanning på vilkår av gjennomført og bestått årskurs i norsk. For fleire studieprogram er gode norskkunnskapar ein føresetnad for å klare å fullføre utdanninga. Å oppnå minimumskravet til norskkunnskapar gjennom årskurs i norsk er erfaringsvis ikkje tilstrekkeleg for personar med norsk som framandspråk. Vidare har UiT erfart at fleire studentar som takast opp til årskurs i norsk med lovnad om opptak til høgre utdanning, har immigrasjon og ikkje utdanning som motivasjon. Dei møter ikkje opp til utdanninga etter å ha fått opphaldstillatelse.

UiT har som målsetjing å standardisere og effektivisere utdanningsforvaltninga og vi visar til den pågåande avbyråkratiseringsprosessen i Staten. Denne endringa inneber eit avvik frå standard opptaksprosedyrar, som det vil vere meget ressurskrevjande å følgje opp. Studentane må følgjes opp med tanke på visum og bustad før studiestart og etter påbegynt studium må studentane følgjes opp i forhold til betingelsane for opptak.

Kapittel 7. Rangering av søkjarar ved opptak

§ 7-9. Tilleggs poeng for det underrepresenterte kjønnet

Ny lov om likestilling og diskriminering er vedtatt av Stortinget, og trer i kraft 1. januar 2018. Denne loven åpnar for lik særbehandling av kvinner og menn. UiT er tilfreds med denne lovendringa da det åpnar for positiv diskriminering av menn i dei tilfeller dei utgjør det underrepresenterte kjønn.

UiT ser behovet for å rekruttere fleire menn inn i fleire av våre profesjonsutdanningar, og kvotering kan da vere eit verkemiddel. UiT forvaltar eksempelvis profesjonsstudium i psykologi med 50 studieplassar. Dei siste tiåra har andelen menn på kulla i denne profesjonsutdanninga variert mellom 12 og 30 %. Samfunnet treng psykologar av begge kjønn, slik som samfunnet treng sykepleiarar, legar og tannlegar av begge kjønn. Psykologar har som oppgåve i samfunnet å møte alle delar av befolkninga i sårbare livssituasjonar, og det er viktig at alle delar av befolkninga får tilbod om psykologhjelp som dei kan kjenne seg komfortable med.

Søknad om fritak frå kravet om kvote for førstegongsvitnemål for bachelorgradsprogrammet i luftfartsfag

Med utgangspunkt i erfaringar frå seleksjonsprosessane til bachelorgradsprogrammet i luftfartsfag, ynskjer UiT fritak frå kravet om kvote for førstegongsvitnemål for dette studieprogrammet, jf. forskrift om opptak til høgre utdanning § 7-2 femte ledd.

Ut i frå karakterer inviterast dei 60 best kvalifiserte søkjarane til seleksjon ved opptaket til bachelorgradsprogrammet i luftfartsfag. På seleksjon gjennomførast det papirtestar, databaserte testar og personlighetstestar. Ut frå resultatane i desse testane går om lag 35-40 søkjarar vidare til intervjurunde med intervjupanel bestående av flygar og psykolog. I intervjuane vurderast kandidatane ut i frå to hovudkriteriar: studiegjennomføringsevne (studieprognose) og eignaheit til å bli trafikkflygar (flygarprognose).

Ved nokre opptak kan potensielle søkjarar frå ein kategori (fleirgongsøkjarar) ha betre resultatar enn dei seks som blir tatt ut på fyrstegongsvitnemålslista. Slik ordninga fungerer i dag må det tas opp 6 studentar frå kvar kategori. I desse tilfella er det ikkje nødvendigvis slik at dei 12 best kvalifiserte søkjarane får tilbod om studieplass. Ved å senke talet på kvar kategori til minimum 4,

vil ein skapa større fleksibilitet i forhold til å ta opp dei best kvalifiserte kandidatane. Eksempelvis kan det vere fleire søkjarar frå ein kategori som er betre kvalifisert enn den svakaste i den andre kategorien. Det er ikkje alltid likt tal søkjarar frå dei to kategoriane som kjem til intervjufasen. Likevel må det veljast 6 frå kvar kategori som får tilbod om studieplass.

Vennleg helsing

Jørgen Fosslund
konst. universitetsdirektør

Heidi Adolfsen
studiedirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og krever ikke signatur

Saksbehandler: May-Liss Hestnes Mæhlum